



# ÅRSMELDING



Velkommen til et tverrfaglig kommunikasjonsbyrå  
som gir deg utvikling og tydelige resultater.

[zpirit.no](http://zpirit.no)

# STORD NÆRINGSRÅD SKAL VERA DET SJØLVSKRIVNE FORA FOR DISKUSJON AV SPØRSMÅL SOM VEDKJEM NÆRINGSLIVET I STORD

**MÅL**

- |          |  |          |   |          |   |          |  |          |                                    |
|----------|--|----------|---|----------|---|----------|--|----------|------------------------------------|
| <b>1</b> | SNR skal vera ein synleg interesseorganisasjon | <b>2</b> | SNR skal vera talerøyr for næringslivet i Stord kommune | <b>3</b> | SNR skal arbeida for eit lokalsamfunn med fokus på verdiskaping | <b>4</b> | SNR skal styrkja Stord sin identitet som by, og som handels- og regionsenter | <b>5</b> | SNR skal driva i økonomisk balanse |
|----------|--|----------|---|----------|---|----------|--|----------|------------------------------------|

2018 har vore eit år med stor aktivitet og aukande sysselsetting på Stord. Industrien er konkurransedyktig og har igjen evna omstilla seg, mellom anna ved å ta i bruk nye digitale verktøy. Samstundes har det vore arbeida målretta mot nye marknader og utvikling av nye berekraftige bedrifter.

Dei fleste bransjar merkar press på marginar og auka konkurransen frå fleire hald. Nye forretningsmodellar og moglegheter innan digitalisering legg press på fornying i tradisjonelle bedrifter, og spesielt innan handel ser me at dette er utfordrande.

Sambandet mellom Stord og Kvinnherad er framleis ikkje løyst, og dette er svært lite tilfredsstillende. Åra går utan at Sunnhordland klarar samla seg som ein region med ein felles bu- og arbeidsmarknad. Stord Næringsråd har gått inn med ein aksje i pådrivarselskapet Hordfast AS i fellesskap med næringsråda i Bergen, Stavanger og



Bilder frå  
Stordkonferansen  
2018



Haugalandet. Dette er eit tydeleg signal om kor viktig det er å få på plass ein ferjefri E39 på Vestlandet.

Stordkonferansen 2018 hadde rekorddeltaking og vart ein viktig møteplass for diskusjon arbeidsplassutvikling og kompetanse. Stordkonferansen er for Stord Næringsråd både ein viktig møteplass og ein viktig bidragsyta til økonomien. Professor Torger Reve frå BI hadde på bestilling frå Stord Næringsråd, Atheno og NCE Maritime CleanTech laga ein rapport om arbeidsplassutvikling, som var presentert på Stordkonferansen.

Det har gjennom året vore stor aktivitet i Stord Næringsråd, med 6 frukostmøter. I tillegg har me hatt arrangement saman med NITO, Atheno og DNB. Nettverk U37 har hatt eigne arrangement i tillegg til at dei har vore aktiv bidragsyta på Stordkonferansen og Årsfesten 26.oktober. Desse arrangementa er nærmere omtalt i årsmeldinga.

## STYRET HAR I 2018 HATT DENNE SAMANSETJINGA:

**Karoline Eldøy**

ABO Plan & Arkitektur Stord  
Styrelseiar

**Kjell Arne Halleraker**

Leirvik AS  
Nestleiar

**Anna Birgitte Bore**

Fronta  
Styremedlem

**Martin Tveita**

Stord Hotell  
Styremedlem

**Mats Tonning**

iDrift  
Styremedlem

**Janne Halvorsen Kleppe**

Bandadalen paryksalong  
Styremedlem

**Einar Almås**

DNB  
Varamedlem

**Simen Aarskog**

SPV  
Varamedlem

Den framlagde resultatrekneskapen og balanse med tilhøyrande noter, gjev etter styret si oppfatning eit korrekt bilet av resultatet i 2018 og den økonomiske stoda ved årsskiftet. Stord Næringsråd har i 2018 hatt tre hovudsamarbeidspartnarar. Resultatrekneskapen syner eit underskot på kr: 15.667,-

I samsvar med rekneskapslova §3-3 stadfestar styret at føresetnaden om vidare drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen.

Anne-Grete Sandtorv er tilsett i 100% stilling som dagleg leiar.

Det har vore sju styremøter i 2018. Det er i 2018 ikkje utbetalt løn eller honorar til styret.

Arbeidsmiljøet er godt, og det er ikkje rapportert om skader eller ulykker på arbeidsplassen. Selskapet har som mål å vera ein arbeidsplass der det er full likestilling mellom kvinner og menn. Det er ikkje utført forsking i 2018. Verksemada medfører korkje forureining eller utslepp som kan vera til skade for det ytre miljø.

# LITT OM KVART

MEDLEMS-  
REKRUTT-  
ERING

150

MEDLEMMER  
(PR. 31.12.18)

7

MEDLEMMER  
GÅR UT

11

NYE MEDLEMMER  
I 2018

## Samarbeid Skule – Arbeidsliv

Samarbeid Skule – Arbeidsliv inviterte for 9. år på rad til Miniseminar på Utdanningsmessa.

Målsetjinga med seminaret er å komma i direkte dialog med rådgjevarar, lærarar, skuleeigarar, NAV og næringslivet, for å presentera og diskutera viktige tema for samarbeid mellom skule og arbeidsliv. På miniseminaret 24.januar vart pilotprosjektet UngTekno presentert. Prosjektet er initiert av Atheno v/prosjektleiar Nina Østensjø, og vart gjennomført skuleåret 2017/ 2018 i Bømlo og Stord kommune.

UngTekno er eit prosjekt som knyt teknologi og yrkesfag saman med entreprenørskap. Målgruppe for prosjektet er 9. klasse. Ein vil gjennom prosjektet belyse samanhengen mellom teknologi og yrkesfag, kva kompetanse som trengs framover og korleis ein må tenke utanfor den tradisjonelle ”boksen” når ein vel vidaregåande utdanning i kommande år. Elevane lærer å utvikle ein forretningsidé der dei kombinerer det dei har lært om teknologi, med eigen kreativitet og skaparevne.

## Nettverk U37

Nettverk U37 er ei ressursgruppe i Stord Næringsråd med visjon om å gjera Stord til ein meir interessant og engasjerande arena for unge i næringslivet. Målsetninga er å dela kunnskap på tvers av fag og bransjar ved å legga til rette for arrangement med fagleg og sosialt innhald.



Nettverk U37 tok rolla som vertskap for vorspiellet til Stordkonferansen 2018 i samarbeid med Haugaland Kraft. Ei fin opplanding på Brygga 11 før kveldsarrangementet. På årsfesten den 26. oktober hadde nettverk U37 ein flott og morosam presentasjon om sentrumsutvikling.

18. oktober inviterte Nettverk U37 til eige arrangement i samarbeid med Zpirit og Sparebanken Vest, kor «optimal kommunikasjon» var tema. Korleis nå best mogleg ut med bodskapet, og korleis styra unna potensielle fallgruver, vart presentert og debattert.

## Konflikter og trakasering – Arbeidsmiljøloven som rettesnor

Dette var tema for medlemsarrangementet i samarbeid med NITO og Atheno. Heile 80 deltakrar fekk med seg professor og psykolog Ståle Einarsen sitt underhaldande og solide foredrag. Konflikter kan vera både utviklende og øydeleggande for arbeidsmiljøet og den enkelte tilsette. Som ein av dei fremste forskarane og ekspertane på området gav Ståle Einarsen oss ein kveld til ettertanke og refleksjon.

## Ryvarden som møteplass

Eit tjuetals næringsforeningar frå Sunnhordland, Haugalandet, Hardanger og Ryfylke hadde eit historisk møte på Ryvarden 27. august. Stord Næringsråd og Næringsforeningen Haugalandet var initiativtakarar til møtet som hadde samferdsle på agendaen. Status for dei tre store infrastrukturprosjekta Rogfast, Hordfast og E134 vart presentert, og danna bakteppe for diskusjonen om auka samarbeid mellom næringsforeningane mellom Stavanger og Bergen. Synleggjering av verdiskaping og kompetansebehov i regionen kan vera eit viktig tema på eit neste samarbeidsmøte.



# ÅRSFESTEN

26.oktober gjekk årsfesten av stabelen med tittelen «Da e ingen kunst å ver i sentrum» Først omvising i Sparebanken Vest sine nye lokale før dansarar frå Spinae Company tok oss ut på torget og inn i deira dans. Ein entusiastisk festkomité la arrangementet til Spinae Company – ei ramme som skapte feststemning frå første stund.

Dans, mimring rundt sentrumsutvikling, nominasjonsfilm, og utdelinga av Næringsprisen 2018 i samarbeid med Sparebanken Vest. Ein fantastisk kjekk kveld for dei 80 gjestene. Takk for maten talen frå våre to stortingsrepresentantar vart eit høgdepunkt!



Festkomiteen opnar årsfesten – koreografi av Magdalena From Delis

Johannes Eldøy til venstre tek imot  
Næringsprisen på vegne av Salt Ship Design.  
Banksjef Svein Ottesen delte ut prisen.



Næringsprisen 2018 er  
tildelt Salt Ship Design  
v/Arne Stenersen  
med følgjande  
grunngjeving;

”

Salt Ship Design er ein aktør som på relativt kort tid har bygd seg opp til å vera ein leiande aktør innafor sitt fag. Det er ei lokal forankra verksemد med høg kompetanse og evne til innovasjon.

Då oljekrisa traff marknaden, og etterspurnaden etter offshorefartøy stupte, var dei raske med å snu seg 360 grader mot nye marknader.

Dei siste åra har dei hanka inn store kontraktar og designa hybride og elektrifiserte fartøy både til fiskeriflåten, offshore vind og aquakultur, i tillegg til den tradisjonelle marknaden for offshorefartøy.



**FRUKOSTMØTA**

VÅR FASTE MØTEPlass FOR

PÅFYLL OG RELASJONSBYGGING

**25.  
JANUAR**

**Den 25.januar** Hordfast betyr betre mobilitet på Vestlandet. Dette var overskrifta og bodskapen på det første frukostmøte i 2018. Dagleg leiar, Øyvind Halleraker, i pådrivarselskapet Hordfast AS gjekk gjennom status for prosjektet i forhold til NTP og framdrift endeleg traseaval. Han understreka kor viktig det vert å stå samla i regionen når endeleg val av trasé over Langenuen er tatt, slik at prosjekt andre stader ikkje kjem foran oss i køen. Hordfast vil binda Vestlandet saman til ein lenka bu- og arbeidsmarknad, og skapa mobilitet og konkurransekraft til næringslivet. På tampen av frukostmøtet fekk me presentert «Herifrå-dagane» av Sigbjørn Framnes og Knut Vika.

**22.  
MARS**

**Den 22.mars** var tid for det årlege PSI Frukostmøte saman med Sparebanken Vest under tittelen Økonomi og utdanning for eit næringsliv i endring! Konsernsjef Ragnhild Fresvik presenterte utvikling og prognosar for næringslivet gjennom Vestlandsindeksen. Frå NHH fekk me besøk av professor i ressursøkonomi og prorektor for utdanning ved NHH, Linda Nøstbakken i tillegg til professor og rektor Øystein Thøgersen. Dei 80 frammøtte fekk med seg både matnyttig og optimistisk informasjon inn i kvardagen.

**19.  
APRIL**

**Den 19.april** på frukostmøtet presenterte vår hovudsamarbeidspartner Haugaland Kraft status for selskapet. Selskapet er mellom anna blitt stor på fiber. Haugaland Kraft byggjer nytt på Heiane, og samlar med dette verksemda sin base i Sunnhordland på Stord. Direktør Harald Jakobsen i Haugaland Kraft Energi presenterte solcellesatsinga og synte korleis dette bidreg til at forbrukarane får tilgang til ulike energijkjelder som er kopla opp i eit system. Som den no største eigaren i SKL ønskjer Haugaland Kraft ei nasjonal satsing på selskapet. Konsernsjef Olav Linga understreka i sitt innlegg kor viktige lærlingane er for selskapet, og at desse utgjer 10% av den totale staben.

**23.  
AUGUST**

**Den 23.august** var frukostmøte via regnskapssystem og kva muligheter som ligg i digitalisering og integrering av ulike system. Det var Marianne H. Aarbø frå Tveit Regnskap som synte oss korleis dette kan gje meir dynamisk rapportering til styrer og leiing i verksemder. Frå PowerOffice Go var det Vegard Skar som presenterte mulighetene i systemet, mellom anna føring av reiserekning via App for mobil og iPad.

**11.  
OKTOBER**

**Den 11.oktober** fekk frukostmøte tittelen "Ka bala du med?". Stord Fölkehøgskule, Multiconsult, TESS Stord og Sydvest AS fekk 15 minutt kvar til å presentera seg, og dei 40 frammøtte fekk godt innblikk i korleis verksemdene jobba, og me fekk synt noko av mangfaldet i næringslivet på Stord.

**15.  
NOVEMBER**

**Den 15. november** var det klart for runde to med "Ka bala du med?". Denne gongen vart me betre kjend med NorEngros, Stord Lufthavn, Galleri Giga og Byrået AS. I overkant av 40 frammøtte fekk igjen innblikk i spanande verksemder frå ulike bransjar med kundar både i og utanfor vår eigen region.

# MEDLEMMER

- 
- A**
- ABACUS-IT AS
  - ABB STORD
  - ABO PLAN & ARKITEKTUR STORD AS
  - ADECCO NORGE AS
  - ADVANTEC AS
  - ADVOAKTAKONTORET SUNNHORDLAND AS
  - AG MG INVEST AS
  - AKTIV SUNNHORDLAND
  - AKTIVA ØKONOMISERVICE AS
  - AKTIMED NORGE AS
  - AKTUM EIGEDOMSUTVIKLING AS
  - ALLIANCE+ AS
  - ALMAAS HOTELL STORD AS
  - ALMÅS MUSIKK - BLACKDOG DISTRIBUTION
  - AMFI STORD SENTERFORENING
  - ANDERSEN KOKK OG KOK
  - ARITECH AS
  - ATHENO AS
  - AXENTA AS
  - AZETS INSIGHT AS avd. Bømlo
  - BANDADALEN PARYKKSALONG
  - TORE M BJELLAND
  - BK MARINE AS
  - BOOS PEOPLE & OPPURTUNITIES AS
  - BORGGATA FUTURUM AS
  - BRILLERIET AS
  - BYRÅET DESIGN & PROFILING AS
  - BYTUNET AS
  - CITYCON HEIANE DRIFT AS
  - COACH SANDTORV DEVELOPMENT
  - COAST APARTMENT AS
  - COGNIZANT
  - CONTESTO AS
  - DNB
  - EIVIND BIRKELAND AS
  - ELDØYANE NÆRINGSBANE AS
  - W. ENGELSEN ETTF AS
- E**
- ENGEVIK BYGGSENTER AS
  - ERKO SETTEFISK AS
  - EXPERIS AS
  - FINERO AS
  - FISK OG VIN AS - BRYGGA 11
  - FITNESSINVEST
  - FOTOGRAF ØYVIND HJELMEN
  - FRAKTPORTALEN AS
  - FRONTA AS - FRONTAGRUPPEN
  - FUNKWORKS AS
  - FYLKESNES BIL AS
  - JOHN FØRLAND
  - GENIE AS
  - GRAND HOTELL STORD AS
  - GROV FORSKALING AS
  - GROV GRASKLYPP AS
  - HAGA MAT AS
  - ODD HANSEN PROSJEKT AS
  - HAUGALAND KRAFT AS
  - HEIANE BIL AS
  - HELLE ELECON AS
  - HSO - HAUGALAND & SUNNHORDLAND
  - OPPLÆRINGSKONTOR FOR ELEKTROFAG
  - HØGSKULEN PÅ VESTLANDET
  - IBOX
  - IF SKADEFORSIKRING
  - INGENIØR ØYVIND JØRGENSEN AS
  - INTEROPTIK SELE AS
  - INVIA AS
  - ISS FACILITY SERVICES AS
  - JENTESPRANGET AS
  - JOBLEARN AS
  - KAIBAKKEN HOLDING AS
  - KLEIVO HOLDING AS
  - KONTADO AS
  - KPMG AS
  - KVÆRNER
  - MAGNE LANGÅKER, FOTOGRAF



Foto: Tor Resser

L	LEARNTOFLY.NO LEIRVIK AS LEIRVIK SENTRUMSFORENING LINK ARKITEKTUR LIV's SYNYTT LK INTERIØRARKITEKTUR AS JON LUND LAASTAD PLUSS & MINUS AS	S	STORD HOTELL AS STORD INDUSTRIBYGG AS STORD INNKVARTERING STORD KOMMUNALE EIGEDOM AS STORD KOMMUNE STORD KONFERANSESENTER/VEVOS AS STORD MOBILKRAKN AS STORD VIDAREGÅANDE SKULE STORD24 STUDALEN AS SUBSHORE.NO AS SUNNHORDLAND BIL AS SUNNHORDLAND EIENDOMSINVEST AS SUNNHORDLAND KRAFTLAG AS SUNNHORDLAND LUFTHAMN AS SUNNHORDLAND MUSEUM SUNNHORDLAND NATURGASS AS SUNNHORDLAND TRAFIKKOPPLÆRING AS SYDVEST AS
M	MADSEN OG BREKKE AS MEDIEHUSET SUNNHORDLAND MS SUNNHORDLAND MULTICONULT	T	TEKNISK BUREAU TESS TIDE BUSS AS 2 D MEDIA J. TUFTELAND AS TVEIT REGNSKAP AS TYSNES SPAREBANK
N	NAV ARBEIDSLIVSSENTER HORDALAND NAV SUNNHORDLAND NCE MARITIME CLEANTECH NITO NORD-ROGALAND OG SUNNHORDLAND NORDEA BANK NORGE ASA NORENGROS K.J.BRUSDAL AS NUEN	U	UNI RESEARCH POLYTEC
O	OPERO AS GUNVALD OTTESEN	V	VALVATNE-GRUPPA VARMTHUS HANS INGVAR ROMSLOE
P	ACTA AS RANDSTAD AS	W	VESTBO VEST CATERING AS VEST LYDSERVICE AS VIKSE AS
R	RESPONSA RAGN SELLS AS	Y	WÄRTSILÄ NORWAY AS YTRE SUNNHORDLAND OPPLÆRINGSKONTOR YSST HMS
S	SALT SHIP DESIGN SERIT IDRIFT SKAG DESIGN SKYE SOLUTIONS, AVD.STORD S. KNUDSEN HOLDING AS SPAREBANKEN VEST SPAREBANK 1 SR-BANK, Stord STOMAS AS STORDING AS STORD EIENDOM STORD ENGINEERING AS STORD FOLKEHØGSKULE AS STORD HOLDING AS	Z	ZENIT ENGINEERING AS ZPIRIT AS

# HOVUDSAMARBEIDSPARTNARANE



[WWW.SPV.NO](http://WWW.SPV.NO)

## SPAREBANKEN VEST

### - Vestlandets egen sparebank i 196 år

Sparebanken Vest er ein frittståande sparebank med røter tilbake til 1823. Banken er landets nest eldste bank, og i dag er Sparebanken Vest den tredje største sparebanken i landet. Banken er ca. 75 prosent samfunnseigd og 25 prosent eigmiljø av private eigarar gjennom eigenkapitalbevis på Oslo Børs.

Hovudkontoret ligg i Bergen, og banken yte tenester i personmarknaden, næringsliv og offentleg sektor i Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane. Sparebanken Vest har 34 kontor - frå Måløy i nord til Nærøysund i sør og totalt 693 medarbeidrarar.

Forretningsideen til banken er todelt, basert på bankdrift, men òg på samfunnsengasjement. Visjonen til Sparebanken Vest er at alt dei gjer, gjer dei for å bidra til at livet på Vestlandet skal verte enno litt betre.

Utanom tradisjonell finansiering, engasjerer banken seg på ei rekke områder. Eksemplar på dette er initiativtakar og støttespelar i ei rekke klyngjesamarbeid, finansiell støttespelar til studieprogrammet brytingstid på NHH, arrangør av Vestlandskonferansen som er ein møteplass for vestlandsbedrifter, samt at me tilbyr eit profesjonelt tilbod til start-up selskap på Vestlandet.

Sparebanken Vest kan bruke inntil 40 prosent av overskotet, etter skatt og utbyte, til allmennytige formål. Dei siste 11 årene har banken delt ut 935 mill. kroner til allmennytige føremål på Vestlandet, og for 2019 er det satt av heile 479 mill. kroner.

Banken støttar ei rekke lag, organisasjoner, arrangement, festivalar og foreiningar i lokalsamfunna på Vestlandet.

Saman gjer vi det betre.



[WWW.HKRAFT.NO](http://WWW.HKRAFT.NO)

## Haugaland Kraft – et selskap som går «motstrøms»

Strategien vår går «motstrøms» i forhold til store deler av bransjen. Vi ønsker å ha mest mulig ressurser i eget hus. Vi ønsker vekst fordi vi i en større enhet er bedre rustet til å trygge og utvikle arbeidsplasser, og gir mer effektiv drift. I alt vi gjør har HMS viktigst fokus; «Ta to» før du setter i gang arbeid og vurder sikkerhetsrisikoen. Vi fokuserer på effektivitet, og utstyrer våre ansatte med moderne verktøy. Vi tror på desentralisert arbeidsmodell og fremtidsrettet digitale kundeløsninger.

Stord er et viktig knutepunkt for all vår satning i Sunnhordland. Vi er en betydelig bidragsyter til kultur- og idrettslivet, samt frivillig barne- og ungdomsarbeid på Stord

**Haugaland Kraft er med på å bygge regionen Sunnhordland – Haugaland – Indre Ryfylke**

**Dei viktigaste prosjekta for Kværner på Stord i 2018 har vore Johan Sverdrup, Njord og Aasta Hansteen. I tillegg vann Kværner to nye prosjekt: Johan Castberg og bygging av ein tilleggsmodul til stigerørsplattforma på Johan Sverdrup.**

Det enorme ombyggingsarbeidet på Njord vart endå større då Kværner i juli fekk tilleggsarbeid for å tilrettelegga plattforma for mottak av olje frå Fenja-feltet. I august starta ein stor løftekampanje på prosjektet, som vil halda fram til nærmare sommaren 2019.

Johan Sverdrup bustad- og utstyrsplassform markerte mekanisk ferdigstilling i haust. Prosjektet har heile vegen har nådd milepelane og skal leverast på felt i mars 2019.

Parallelt har Kværner saman med Aker Solutions gjennomført den

største av påkoplingsjobbane på Johan Sverdrup-feltet, på den store stigerørsplattforma.

Kværner har dette året bistått Equinor med ferdigstilling og inshore og offshore påkopling av Aasta Hansteen. Plattforma kom i produksjon rundt juletider.

I tillegg er to prosjekt i ein tidleg fase, Johan Castberg og den 4300 tonn tunge tilleggsmodulen Kværner og Aker Solutions skal levere til stigerørsplattforma til Johan Sverdrup. Begge prosjekta markerte fabrikasjonsstart like før jul.

Parallelt med desse prosjekta har det vore stor aktivitet på kaiprosjektet. Ein stor del av utdjupingsjobben blei gjort i løpet av året, slik at det i 2019 er klart for bygginga av kaifundamenta.



Alle tilsette ved Kværner på Stord markerer at selskapet er 100 år i 2019



# FRAMTID

I 2019 er det 100 års-jubileum for hjørnesteinsverksemda vår Kværner. Det er ein hundreåring i god form - med full sysselsetting, solide ordrereservar og gode resultat. Dette skapar optimisme i heile Stordsamfunnet og i regionen. På Stordkonferansen 12. juni vil med saman med Kværner markera industrien, kor stor betyding den har, ikkje bare for oss på Stord men for heile nasjonen. Me gler oss til å ta imot Statsminister Erna Solberg og konsernsjefane i Equinor og Aker ASA.

Utvikling av næringslivet og lokalsamfunnet vårt er avhengig overordna, langsiktige planar. Det er derfor viktig at kommunen vår har nok ressurser til planarbeid i møte med behovet til eit næringsliv med vilje til utvikling og ekspansjon. I denne samanhengen er det også viktig at Regionale planar som vert vedteke i Fylket er i takt med lokale planar. Eksempelvis er det svært uheldig at Fylket omtalar Leirvik som regionsenter mens me opererer med Stord som regionsenter. Regionalplan for Attraktive senter, slik den er i dag bør rullerast, og spesielt kapittel for handel og tenesteyting må imøtekomma dei reelle utfordringane me ser for denne bransjen. Innan handel vert det no jobba for å møta konkurransen frå mellom anna netthandel med oppretting av «digitale kjøpesenter» for bedrifter som ikkje

har digitale plattformer ut mot kundane i dag.

Regionreforma som er under etablering skal donna nye Vestland fylke. Som Sunnhordlendingar må me ta eit ekstra ansvar for å stå samla, samstundes som me ser på felles moglegheiter med Haugalandet.

I løpet av våren vil me setja kriminalitet i arbeidslivet på dagsorden, ei uønskt utvikling som er med å undergrep eit seriøst næringsliv og samfunnsstrukturen vår.

I mai får me besøk av Oljefondet og Norges Bank, og me vil saman med Sparebanken Vest og Kværner arrangera frukostmøte og syna fram eit framtdsrettet og konkurransedyktig næringsliv.

STYRET I STORD NÆRINGSRÅD - STORD, DEN 6.MARS 2019

# STYRET I STORD NÆRINGSRÅD



Karoline Eldøy

Karoline Eldøy  
Styreleiar



Kjell Arne Halleraker

Kjell Arne Halleraker  
Nestleiar



Anna Birgitte Bore

Anna Birgitte Bore  
Styremedlem



Martin Tveita

Martin Tveita  
Styremedlem



Janne Halvorsen Kleppe

Janne Halvorsen Kleppe  
Styremedlem



Mats Tonning

Mats Tonning  
Styremedlem

# RESULTATREGNSKAP

Tittel	Note	2018	2017
<b>Driftsinntekter og driftskostnader</b>			
Salgsinntekt		1 681 073	1 657 612
Sum driftsinntekter		1 681 073	1 657 612
Varekostnad		525 602	423 388
Lønnskostnad	4	923 447	908 810
Avskrivning av driftsmidler		6 600	6 500
Annен driftskostnad	4, 5	242 132	222 232
Sum driftskostnader		1 697 781	1 560 929
Driftsresultat		-16 707	96 683
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Annен renteinntekt		1 554	2 072
Annен rentekostnad		514	500
Resultat av finansposter		1 040	1 572
Årsresultat	6	-15 667	98 255
<b>Overføringer</b>			
Avsatt til annen egenkapital		0	98 255
Overført fra annen egenkapital	6	15 667	0
Sum overføringer		-15 667	98 255

STORD, 06.03.2019

  
**Karoline Eldøy**  
 Styreleier

  
**Kjell Arne Halleraker**  
 Nestleiar

  
**Anne Birgitte Bore**  
 Styremedlem

  
**Janne Halvorsen Kleppe**  
 Styremedlem

# BALANSE

Eiendeler	Note	2018	2017
<b>Anleggsmidler</b>			
<b>Varige driftsmidler</b>			
Driftsløsøre, inventar o.a. utstyr		0	6 600
Sum varige driftsmidler		0	6 600
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler		40 000	20 000
Sum finansielle anleggsmidler		40 000	20 000
Sum anleggsmidler		40 000	26 600
<b>Omløpsmidler</b>			
Fordringer			
Kundefordringer	2	11 970	4 260
Andre kortsiktige fordringer		13 723	8 575
Sum fordringer		25 693	12 835
Bankinnskudd, kontanter o.l.	3	340 455	388 289
Sum omløpsmidler		366 147	401 124
Sum eiendeler		406 147	427 724
<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Opptjent egenkapital</b>			
Opptjent egenkapital		243 341	145 086
Årets resultat	6	-15 667	98 255
Sum opptjent egenkapital		-15 667	98 255
Sum egenkapital	6	227 673	243 341
<b>Gjeld</b>			
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		1 188	1 550
Skyldig offentlige avgifter		65 820	65 797
Annen kortsiktig gjeld	7	111 465	117 036
Sum kortsiktig gjeld		178 474	184 383
Sum gjeld		178 474	184 383
Sum egenkapital og gjeld		406 147	427 724

  
**Mats Toning**  
 Styremedlem

  
**Martin Tveita**  
 Styremedlem

  
**Anne-Grete Sandtorv**  
 Anne-Grete Sandtorv  
 Dagleg leiar

# NOTER

## Note 1 - Rekneskapsprinsipp

Årsregnskapet, som er utarbeidet av selskapets styre og ledelse, må leses i sammenheng med årsberetningen og revisjonsberetningen.

### Regnskapslov

Årsregnskapet består av resultatregnskap, balanse og noteopplysninger, og er avgjort i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk i Norge for små foretak

### Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er basert på de grunnleggende prinsipper og klassifiseringen av eiendeler og gjeld følger regnskapslovens definisjoner. Ved anvendelse av regnskapsprinsipper og presentasjon av transaksjoner og andre forhold, legges det vekt på økonomiske realitet, ikke bare juridisk form. Betingede tap som er sannsynlige og kvantifiserbare, kostnadsføres.

### Inntektsførings- og kostnadsføringstidspunkt - sammenstilling

Inntekt resultatføres som hovedregel når den er opptjent. Utgifter sammenstilles med og kostnadsføres samtidig med de inntekter utgiftene kan henføres til. Utgifter som ikke kan henføres direkte til inntekter, kostnadsføres når de påløper.

### Varige driftsmidler

Varige driftsmidler føres i balansen til anskaffelseskost, fratrukket akkumulerte av- og nedskrivninger. Ordinære avskrivninger er beregnet lineært over festetiden med utgangspunkt i historisk kostpris.

### Fordringer

Fordringer er oppført til pålydende med fradrag for forventede tap.

## Note 2 - Kundekrav

Kundekrav er bokført til pålydende. Det er avsatt kr 4000 til dekning av tap.

## Note 3 - Bankinnskudd - bundne midler

Av totale bankinnskudd er kr 34 993 bundet til skyldig skattetrekk.

# NOTER

## Note 4 - Lønnskostnader, antall ansatte, godtgjørelser, lån til ansatte m.m.

	2018	2017
Lønninger	783 450	770 978
Arbeidsgiveravgift	112 999	111 267
Pensjonskostnader	17 905	18 129
Andre yteler	9 093	8 435
<b>Sum</b>	<b>923 447</b>	<b>908 809</b>

Gjennomsnittlig antall årsverk: 1

### Yteler til ledende personer

	Daglig leder	Styre
Lønn	779 977	0
Annen godtgjørelse	8 898	

### Pensjonsforpliktelser

Selskapet er pliktig til å ha tjenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon.  
Selskapets pensjonsordninger tilfredsstiller kravene i denne lov.

### Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar for 2018 utgjør kr 7 441,-

## Note 5 - Spesifikasjon av andre driftskostnader

	2018	2017
Leie lokaler	49 413	54 046
Udstyr	15 240	0
Regnskapsfører	72 591	70 600
Kurs/arrangement	33 861	22 730
Kontorutgifter	25 743	26 415
Andre driftskostnader/tap på krav	45 283	48 441
<b>Sum Driftskostnader</b>	<b>242 132</b>	<b>222 232</b>

## Note 6 - Egenkapital

Egenkapital 01.01.2018	243 341	
Årets endring i egenkapital	-15 667	
Årets resultat	227 673	
Egenkapital 31.12.2018		

## Note 7 - Annen kortsiktig gjeld

	2018	2017
Skyldige feriepenger	-95 878	-93 606
Påløpne honorarer	0	-6 000
Andre påløpne kostnader	-15 587	-17 430
<b>Sum</b>	<b>-111 465</b>	<b>-117 036</b>



HAUGALAND KRAFT

din egen kraft



SNR

## VI GIR KRAFT TIL EN STERK OG ATTRAKTIV REGION

Haugaland Kraft er stolt hovedsponsor for Stord Næringsråd. Sammen skal vi styrke og utvikle lokalsamfunnet.



Til årsmøtet i Stord Næringsråd

Hatlandsmyro 9 Servicebygget, 5412 Stord  
Pb 1291, 5406 Stord  
Org.nr: 982 316 588 MVA

T +47 53 40 99 80  
F +47 53 40 99 81

[www.rsmnorge.no](http://www.rsmnorge.no)

#### **Uavhengig revisors beretning**

##### **Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet**

###### *Konklusjon*

Vi har revidert Stord Næringsråds årsregnskap som viser et underskudd på kr 15 667. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2018, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoene og noter til årsregnskapet, herunder et sammandrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettvisende bilde av organisasjonens finansielle stilling per 31. desember 2018, og av dets resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoene i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapskikk i Norge.

###### *Grunnlaget for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisionsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet. Vi er uavhengige av organisasjonen slik det kreves i lov og forskrift, og har oppfyllt våre øvrige etiske plikter i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

###### *Øvrig informasjon*

Ledelsen er ansvarlig for øvrig informasjon. Øvrig informasjon består av all informasjon i årsrapporten, med unntak av årsregnskapet og revisjonsberetningen.

Vår uttalelse om revisjonen av årsregnskapet dekker ikke øvrig informasjon, og vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese øvrig informasjon med det formål å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsregnskapet, kunnuskap vi har opparbeidet oss under revisjonen, eller hvorvidt den tilsynelatende inneholder vesentlig feilinformasjon. Dersom vi konkluderer med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

###### *Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet*

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir et rettvisende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilistiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til organisasjonens evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avviklet.

###### *Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet*

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilistiktede feil, og å avgrense revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisionsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilistiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vises det til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>.

###### **Uttalelse om øvrige lovmessige krav**

###### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000 Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon, mener vi at ledelsen har oppfyllt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av organisasjonens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Stord, 6. mars 2019

RSM Norge AS

*Martin Eltarvåg*  
Martin Eltarvåg

Statsautorisert revisor



# Out of the blue comes green



## Grønare og smartare gjennom samarbeid

NCE Maritime CleanTech samlar deltagarar frå heile den maritime verdikjeda og energisektoren.

Gjennom samarbeid i klynge utviklar me nye energieffektive løysingar og banebrytande miljøteknologi som reduserer skadelege utslepp frå maritime aktivitetar.

Følg oss  
[in](#) [f](#) [t](#) [o](#)

Lær meir på  
[maritimecleantech.no](#)

